

Men tyskarane sviktar ikkje...

13.07.2011



Båtens eigar Günthrt Cramer flankert av Günter Schleiff og Karl-Heinz Range.

**Det har så langt ikkje vore nokon stor turistsommar på våre kantar på grunn av veret. Men ei gruppe har ikkje svikta og det er tyskarane. Vi ser dei dagleg utanfor Uskedalen der dei som regel står i båtane sine og fiskar.**

**Fjord Ferie rapporterar at det er bestilt 13 000 gjestedøgn i hytter og hus og 90 prosent av dei er belagt med tyskarar**



Sunny Times er det optimistiske namnet på båten

Steinar Myklebust på Rabben Feriesenter stadfester at tyskarane ikkje har svikta i denne sesongen heller. Han har eit bra tysk belegg og mange av dei er ivrige fiskarar.

Ein annan kategori tyskarar er dei med seglbåt, oftest av høg klasse, som heller ikkje har svikta men er å se nærmast dagleg.

I dag var to tyske seglarar her, den eine inne i hamna og den andre utanfor. Begge forlet Uskedalen i morgontimane i dag og uskedalen.no rakk å snakka med mannskapet på den eine.

Det var ein kameratgjeng på 3 frå Kassel midt i Tyskland, som satsar på Noreg i år etter å ha segla i Austersjøen sidan båten vart kjøpt for 2 år sidan frå fabrikkken på Orøst nord for Gøteborg. Det er ikkje akkurat noko jolle, båten er 54 fot lang og har køyplass til 6. Grunnen til at dei valde Uskedalen som anløpsstad var at hamneguiden for Noreg viste tilstrekkeleg djupne her i motsetnad til andre stader i nærleiken,

Båten ligg ellers i året i Neustadt ved Lybeck og første etappe av ferieturen dette året gjekk til Etne. Etter Uskedalen skal trioien innom Norheimsund og så ber det til Bergen før dei gjev seg Sognefjorden i vold, Dei gler seg allereie over den storslagne naturen.

Båtens eigar Günthrt Cramer har vore i Noreg ein gong før, men det har ikkje Günther Schleiff og Karl-Heinz Range.

Kva båten har kosta?

- Svært mykje, svarar Günther Cramer og let det bli med det.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Mange plassar har vore og er ledige denne sommaren